



Alt klart til å lyfta opp brudekket. Grunneigar Magne Huglen kjem opp brua. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I føremiddag skulle brua ved Dønhaughølen, som vart bygt i 1994 og rasert av flommen i september i 2005. lyftast på plass att av ei kjempekran frå Odda.**

**Diverre vart operasjonen mislukka. Då brua var på plass på det nye landkaret, vart avstanden for knapp på den andre sida. Ho fall difor ned der i staden og vart delt i tre - på langs.**

**Kva som no skal skje vidare med prosjektet er førebels ikkje avgjort..**



Brudekket er lyfta opp. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har vore ein lang og tildels byråkratisk prosess etterat brua til grunneigar Magne Huglen vart teke av flommen, som gjorde ei stygg utgraving på eine sida av elva.. Men i sommar var brua endeleg klår for restaurering og Hauge Forskaling laga eit nytt og solid landkar på den raserte sida. Sidan har Haugland Maskin gjennomført ei flott plastring med stein av området nedanfor brua.





Brua fell ned på andre sida. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I føremiddag (mandag) var Odda Kranutleige engasjert til å lyfta på plass att sjølve brudekket, som ikkje vart skada under flommen men berre fall ned i elva.

Krana kunne lyfta 90 tonn medan brudekket vog vel 40 og det vart gjort grundige og samvetsfulle førebuingar før sjølve operasjonen skulle skje.



Brudekket vart delt på langs. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Likevel gjekk det gale og spørsmålet er no om det likevel må støypast eit heilt nytt brudekke. Kanskje vart også dragarane ålvorleg skada, men det skal eksperter no vurdere.

Tor Ove Haugland som styrte gravemaskinen også i dag, seier det slik: - Dette er eit nytt døme på at det ikkje er langt frå suksess til fiasko!

Han skal i alle fall plastra elvebreidda vidare oppover mot eigedomsgrensen.

Av Ola Matti Mathisen